

Hallingkast og danseglede



Danseglad gjeng: Deltakarar, instruktørar og leiarar i Snu Nordvest på Nerås søndag.
Alle foto: Olav Skjegstad

Det svinga skikkelig på ungdomshuset Ljosvang på Nerås i helga, der over 30 ungdommar frå heile fylket var på dansekurs i regi av Ungdomsringen Snu Nordvest.



Olav Skjegstad

Dette vart ei helg med både fart, dans og spel på det fine ungdomshuset på Nerås. Fredag var det minikurs i fele, munnharpe og klikkerter. Britt Elise Skram var instruktør på fele, Gunnar Rødal på munnharpe og Terje Rübbert på klikkerter.

Laurdag var det swingkurs med Jeanett H. Morewood og Mathias Rydjord, som gjorde stor lykke. På kvelden spela folkemusikkgruppa Øresus opp. Søndag var det tid for folkedans, med springar og pols.

Vi var innom søndag formiddag, her var det ingen trøytte ungdommar vi møtte. Tvert imot, dansen var heftig der ungdommane svinga seg til tonane frå fire svært så samstemte unge jenter på fele. Samlinga vart avslutta med program som ungdommane sjølv hadde laga.

Auka interesse.

Anna Liv Skjelten Gjendem (20) frå Molde hadde ei sentral rolle i opplegget. Ho har dansa i barneleikarringen på Romsdalsmuseet sidan ho var småjente. No studerer ho folkemusikk og folkedans, og opplever at interessa for denne type musikk er aukande.

Sigurd Rekdal frå Rekdal kom med i på Snu Nordvest i 2004, og kan fortelje om ei fantastisk utvikling. Folkemusikk og folkedans er blitt inn blant dei unge. Dette kan ha mange grunnar: Det er ikkje så stor forskjell på breakdance og halling, i begge dansane skal gutane vise fram sine karsstykke og kor spretne dei er. Dans på fjernsyn er også blitt veldig populært, dette inspirerer dei unge.

Ei av dei bygdene som verkeleg har fått ungdommen til å danse, er Hellesylt. Dei stilte med den største gruppa på Nerås i helga, Astrid Ringdal, opphavleg frå Straumsnes i Tingvoll, har vore instruktør i folkedans i Hellesylt i 20 år.

Skryt til Nerås.

– Interessa har tatt skikkeleg av. I 2001 var det 100 barn i skulepliktig alder på Hellesylt, seks var med i dansegruppa. No har vi 80 skulebarn- og ungdom i bygda, av desse er 53 med. Denne helga her på Nerås har vore veldig bra. Ljosvang er eit utruleg bra hus til slike samlingar, noko heilt anna enn det var sist vi var her for fire år sidan, seier Astrid Ringstad.

Ungdommane som deltok var i alderen 13 til 23 år. Dei er frå Tingvoll, Hellesylt, Herøy, Molde, Gjemnes, Ørsta, Vatne og Vestnes.

– Dette kurset er eit samarbeid mellom ungdommane i Ungdomsringen Snu Nordvest og Ungdomslaget Frihug. Vi har slike kurs fire gongar i året, fortel Anna Liv Skjelten Gjendem. Ungdomsringen Snu Nordvest er ein gjeng med ungdommar frå Møre og Romsdal som dansar folkedans og spelar folkemusikk saman. Ringen er eit resultat av det tre år lange prosjektet "Bygda dansar" som vart avslutta med framsyninga "Tru og Utru" sommaren 2007.

"Bygda dansar" arbeider med å få ungdom til å danse, spele og ta vare på dei lokale dansane.

Se flere nyheter fra Vestnes

Publisert mandag 15. desember 2008 kl. 06:00.